



Plan for trafikksikker skule

Sandnes skule





Innhald

Framsida.....1

Innhaldsliste.....2

Innleiing.....3

Kort om Sandnes skule.....3

Kriterium for ein trafikksikker skule.....3

Gjennomføring av trafikkopplæring på
skulen.....4

Trafikksikkerheit i vårt
skuleområde.....4

Trafikksikkerheit når me er utanfor skuleområdet (buss, bil, ferje, gåturar, sykkel-
turar m.m)...4

Trafikkopplæring.....5

Risikoanalyse ved turar skulen ofte gjennomfører.....6

Ulykker på tur7

Viktige telefonnummer.....7

Foreldresamarbeid.....8



Innleiing

Opplæringslova §9a-2 seier at det skal takast omsyn til tryggleiken til elevane. Skulen skal ha reglar som gjeld når dei skal ferdast ute i trafikken.

Kort om Sandnes skule

Sandnes skule er ein av tre skular i Masfjorden kommune. I august 2023 har me 55 elevar fordelt på 1. -10. trinn. Det er kring 14 årsverk på skulen. I tillegg har vaksenopplæringa fire skuledagar i veka ved skulen. Elevtalet tel ca 30.

Mange av elevane er avhengig av buss for å kome seg til skulen. Bussane stoppar i vegbana. Skulen praktiserer bussvakt om morgonen og ved skuleslutt. Nokon går eller sykklar til skulen. Det er få elevar som vert køyrd av foreldra. Dei fleste tilsette køyrer eigen bil til arbeidsstaden, då det er noko avstandar frå heimplassen til skulen. Parkeringsplassen for dei tilsette er på tilvist plass utanfor skuleområdet.

Sandnes skule ligg tett ved fylkesveg 570. Veggen har 40-sone, fartsdumper og fortau. Det er ikkje eit fysisk skilje mellom bilvegen og skulen sitt område.

Det er ikkje lov til å køyre rundt skulebygga mellom kl 08:00 – 16:30.

Målet er at Sandnes skule skal vere ein trafikksikker skule og rettar seg etter Trygg Trafikk sine retningslinjer og kriterium for dette. Dette er for å forebygge skader og ulykker, og for å sikre ei heilskapleg trafikkopplæring i tråd med læreplanen. Det er inga garanti for at ulykker ikkje kan skje, men skulen skal bidra i arbeidet med trafikksikkerheit.

Kriterium for ein trafikksikker skule

- Skulen har ein plan for å ivareta elevane sin tryggleik til og frå skulen, anten dei går, sykklar eller blir køyrde.
- Skulen har utarbeidd rutinar for å ivareta tryggleiken på turar til fots, på sykkel eller med kollektiv transport i skulen sin regi.
- Skulen har gode rutinar for at planane vert følgde av dei tilsette.
- Skulen har integrert trafikkopplæringa i lokal læreplan/ årsplan i samsvar med måla i læreplanen.
- Skulen legg til rette for at det blir gjennomført god trafikkopplæring, mellom anna ved innkjøp av materiell eller kursing av tilsette.
- Skulen sin trafikplan er eit årleg tema på foreldremøta og i FAU
- Dei føresette blir involverte i skulen sitt trafikksikkerheitsarbeid gjennom FAU og SU.



Gjennomføring av trafikkopplæring på skulen

Alle elvar får utdelt refleksvest til 1.-4. klasse. Alle elevar og tilsette vert oppmoda om å bruke refleks.

Følgja kompetansemål i kroppsøving for 2.og 4.trinn.

Fagdag for 1.-4 og 5.-7. i løpet av september med fokus på trafikk sikring.

Gå-turar der me øver på trafikkreglar.

1.-4.kl skal bruke refleksvest når ein går på tur i den perioden det er mørkt/skumring- eller når me skal gå langs vegen.

Trafikksikkerheit i vårt skuleområde

Bilar kan ikkje køyra rundt skulen i skule- og SFO tida.

Det er ikkje lov å leika nedanfor skulen då dette er eit område der det kan vere noko trafikk.

Skuleporten skal vere fysisk lukka og stengt i skuletida.

Når 1.-4.klasse skal i bassenget ventar ein på ein vaksen før ein går ned trappa.

Syklar og sparkesykkel parkerast nede, desse skal ikkje nyttast i skuletida utan løyve.

Trafikksikkerheit når me er utanfor skuleområdet (buss, bil, ferje, gåturar, sykkel turar osv).

Taxi og buss må prøva å få plass på rekke slik at dei ikkje sperra utkøyringa frå skulen eller laga eit uoversiktleg trafikkbilde.

1.-4.klasse bruker refleksvest når ein går på tur i den perioden det er mørkt/skumring- eller når me skal gå langs vegen.

Bruka hjelm og refleksvest når dei syklar. Dette gjeld både elevar og vaksne. Syklane må vere i forskrifts messig stand.

Det skal alltid vere ein vaksen fremst og ein bakarst i rekka.

Teljing før og etter tur. Tal vaksne samsvarer med tal barn og tur.

Følgja reglar til sikring av born i privat bil.

Kven som har ansvar for turen, må vere avklart i forkant av gjennomføring.



Trafikkopplæring

God kjelde til undervisningsopplegg: www.trafikkogskole.no

Trinn	Mål	Tiltak
SFO	Øve på trygg ferdsel i trafikken.	Gå-trening på vegane i nærleiken av skulen. Lære trafikkreglar ved gå-treninga. Bruke refleksvestar på turar.
1. og 2. kl.	Øve på trygg ferdsel i trafikken. Kan krysse vegen ved fotgjengar- overgangar. Brukar gang- og sykkelveg. Går på venstre side der det ikkje er gang og sykkelveg. Forstå kvifor ein brukar refleksvest. Lære trafikkskilta som er å finne i rundt skulen. Kan reglane når ein set på buss og båt.	Gå-trening på vegane i nærleiken av skulen. Lære trafikkreglar ved gå- treninga. Motivere føresette til å gå skulevegen med barna sine. Bruke refleksvestar på turar. Jobbe på ulike måtar med trafikkskilta i nærområdet. Har trafikkopplæring om våren. Øve på- og avstiging, samt korleis sitje på bussen og om bord i båt med buss og båt.
3. og 4. kl.	Forstå og følgje reglane i trafikken. Forstå og følgje reglar for syklistar. Kan bruke trafikk for undersøkingar, teljingar og registreringar.	Jobbe på ulike måtar med trafikkreglar i nærområdet. Har trafikkopplæring om våren med sykkeldag på skuleplassen, tekniske ferdigheiter og øving i sykkelløype. Undersøkingar av eigen skuleveg, teljingar og registreringar.
5. og 6. kl.	Meistrar tekniske ferdigheiter som krevst for å ferdast på sykkel i trafikken, åleine og i gruppe. Kan gjennomføre "Sykkelprøve 1" teori og praksis.	Foreldra får informasjon om tekniske krav til sykkel. Sykkelkontroll v/politiet. Sykkeldag på skuleplassen. Sykkelløype og sykkelprøve.
7. og 8. kl.	Kan gjennomføre trygg bruk av sykkel/sparkesykkel i gruppe på sykkeltur. Kan grunnleggande førstehjelp og livredning.	Bruk av hjelm. Sykkeltur. Kunne gjennomføre grunnleggande førstehjelp. Livredning om våren i basseng.
9. og 10. kl.	Kan grunnleggande førstehjelp og livredning. Lære å ferdast trygt i trafikken.	Livredning om våren i basseng. Førstehjelpskurs med faglig personell. Får prøve ut ulike trafikk situasjonar



		gjennom turar som skulen gjennomfører.
--	--	--

Risikoanalyse ved turar skulen gjennomfører og på skuleområdet

Skildring av turar skulen gjennomfører: Turar i nærområdet til skulen: Fjellturar, sykkelstur til Merkesdal (ungdomsskulen)		
Uønskt hending	Årsak	Korleis hindre uønskt hending?
<p>Glir, får skade etter fall på fjelltur.</p> <p>Går/spring for å koma først og skadar seg.</p> <p>Syklar utforbi vegen. Vert påkøyrd. Syklar i kvarandre. Fall av sykkel. Vert ikkje sett av andre trafikantar</p>	<p>Veg, skotøy, «knuffing».</p> <p>Føl ikkje beskjedar.</p> <p>Ikkje observant. Feil på sykkel. Gjeldande reglar for turen vert ikkje halde.</p>	<p>Sjå til at alle har skikkeleg skotøy. Tydelege beskjedar. Gå i gruppe med ein vaksen.</p> <p>Gje tydelege beskjedar om forventingar på turen. Gå «samla» på tur med ein vaksen.</p> <p>Bruke refleksvest.</p> <p>Dei vaksne sørga for å ha med reparasjonsutstyr til å reparere sykkel (om mogeleg). Tydelege vaksne og klare reglar for turen som vert gjennomgått på førehand. Sikre oss at alle kan sykla.</p>
Turar utanom Sandnes som skulen gjennomfører: leirskule, klasseturar, byturar, bilturar, hospitering i andre kommunar, osb:		
Uønskt hending	Årsak	Korleis hindre uønskt hending?
<p>Har ikkje bilbelte på i buss/bil og bil/buss har eit trafikkuhell</p> <p>Elevar går ut før buss/bil har parkert skikkeleg</p>	<p>Det skjer uhell som me ikkje rår over og som ikkje treng å vera grunna eiga handling. Gjeldande reglar for turen vert ikkje halde.</p> <p>Dei vaksne har ikkje sjekka at alle har på seg belte</p> <p>Elevar opnar døra før bil/buss har stoppa heilt.</p>	<p>Dei vaksne sjekkar at alle har belte. Elevane føl gjeldande reglar for åtfærd i buss/bil. Bil/buss må vere i forskrifts messig stand.</p>



	Har teke av seg bilbelte før dei skal.	Barnesikring på bil. Bussdøra må ikkje opnast før den er skikkeleg parkert.
Innanfor skulen sitt område og i skuleområdet		
Uønskt hending	Årsak	Korleis hindre uønskt hending?
Trafikkuhell ved busshaldeplassen. Bussen står parkert og elev spring frå buss og over veg utan å sjå seg for.	Eleven går ut i vegen før skulebussane har parkert. Elev har gløymt noko inne i skulebygget.	Bussane må vere parkert før elevane kan forlate skulen sitt område. Vaksne på skulen er vakt. Opplæring og bevisstgjerung om åtferd i trafikken.

Ulykker på tur

Ved alvorlege ulykker skal medisinsk naudhjelp/ legevakt ringast på nr **116 117** eller **113**. Rektor skal varslast så snart som råd, som igjen varslar pårørande i samsvar med Masfjorden kommune sin kriseplan for barnehage og skule. Elevane sin tryggleik skal takast i vare. Trygge ulykkesstaden.

Ved **mindre alvorlege** uhell/ulykker skal rektor varslast. Lærar og rektor avtalar kven som skal varsle føresette. Vidare tiltak vert vurdert.

Ved alle skader som fører til legebesøk eller ved mistanke om seinskarar, skal ein nytte NAV sitt skademeldingsskjema.

Ved alle uhell skal føresette varslast.

Viktige telefonnummer:

Naudhjelp 116 117

Legevakt 113

Masfjorden legekantor 56 16 63 00, telefontid måndag – fredag 09:00 – 15:00

Politiet 112

Brann 110

Masfjorden kommune sitt sentralbord: 56 16 62 00



Rektor: 95 88 46 75

Foreldresamarbeid:

Skulen prøver å leggje til rette for eit godt foreldresamarbeid om læringsmiljøet til elevane. Skulevegen, skuleområdet og nærmiljøet til skulen er ein del av læringsmiljøet.

Tema på foreldremøta om hausten:

Klasse:	Tema:
1. – 10. klasse	Orienterer om <ul style="list-style-type: none">• Skulen sin plan for trafikksikker skule• Bringing og henting• Motivere for å gå/sykle til skulen• Føresette som rollemodellar

Sandnes, 15.05.2023

Britt Rød

Rektor Sandnes skule



Mai 2023